

Hernar

HERNAR er ei lita øygruppe nokre sjømil nordvest av Seløy; ei gamal uthamn ved leia mot vest. Her låg skip og venta på bør før dei la ut på ferd vestover, og her kom skipa frå vesterhavsoyane inn. Hjelteffjorden er eit vitnemål om dette. Fjorden har fått namn etter hjaltlendingane, folk frå Hjaltland (Sbetland).



Handelsstaden på Hernar tidleg på 1900-talet.

Men Hernar er samstundes ein del av det store kommunikasjonsnettet langs den norske vestkysten; ein av dei privilegerte handels- og gjestgjevarstadene frå 1600-talet. I kjeldeskrifter frå 1600- og 1700-talet vert Hernar kalla Henøen. I daglegtale seier folk enno Hedna og «hednamann». I den eldre dialekten fall H'en bort, slik at uttalen vart Edna. Skriveforma Hernar, som er i samsvar med den gammalnorske forma, vart teken opp att i mellomkrigstida. Namnet tyder «ei hovudliknande høgd».

Retten til å driva handel på Hernar på 1700-talet var knytt til den som hadde handels- og gjestgjevarstaden i Bøvågen på Radøy. I over 100 år skifte eigarane av Bøvågen om handelsløyvet på Hernar.

I dag er det 10 bruk på Hernar; eit lokalsamfunn med over 50 innbyggjarar. Oppdrettsnæringa har skapt nye arbeidsplassar og ny optimisme. Den gamle handelsstaden kan på ny verta gjestgjevarstad (①107), og Hernar er eit viktig punkt på kartet over dei gamle ferdelsårene som inngår i nettverket i Nordsjøløypa. □

FISKEVÆRET PÅ HERNAR

I 1828 var det oppe ei sak på vårtinget i Alversund. Koffardikaptein HANS LAURITZ SMITH hadde stemna bønder frå Radøy for å ha brote opp dørene på fleire fjæremannshus som var forsegl. Vitne nr. 5, LASSE INSTEBO, forklarte at han kom til Hernar kl. 2 om morgonen den 8. januar. Då var det mykje folk og øsing, og mange dører vart brotne opp. Dette var fiskebuene til bøndene frå Radøy, som var her årvisst på vinterfiske. Men det var kaptein Smith som åtte grunnen. Han var eigar til mesteparten av Hernar og den gamle gjestgjevarstaden, og kunne vel like gjerne tenkja seg at bøndene tok inn hjå han. Arsaka til dei låste dørene var likevel den at Radøy-bøndene sto til rest med grunnleige, som gjerne vart betalt i naturalia. Men på vårtinget i 1823 hadde det vore oppe ei anna sak, som viste eit motsetningstilhøve mellom fiskarane og gjestgjevaren. Tingvitne nr. 6, MONS RASMUSSEN MARØY forklarte at han i 20 år hadde selt alt han fekk av fisk og sild til handelsmannen på Hernar, og dei hadde kome godt ut av det med einannan. Men sist år hadde det vore vanskar. Dei mangla salt og tønner på Hernar, og dei nekta å ta imot silda. Mons Marøy hadde ikkje eingong fått så mykje salt at han hadde til sin eigen fisk, som han sjølv trong under fisket. Dette skapte naturleg nok amper stemning mellom fiskarbøndene; «Marøymannen», «Toskamannen» og andre folk frå grendene på Radøy.

STORMANNSÆTTER I VIKINGTIDA

Gjennom bronsealder og vikingtid utvikla det seg eit samfunn med mektige slekter på øyane langs Hjelteffjorden. Som ASK på Askøy vart HERDLA med utværet Herdlevar ein del av kongsjordegodset under Harald Hårfagre. På HERNAR budde ASLAK ERLENDSSON. Han vart kong Inges lendmann og rådgjevar. Aslak er ein av dei tidlegaste jordeigarane vi kjenner namnet på i Bergen. Han åtte ein bygard ute ved Sandbrette, der han investerte overskotet frå garden og fisket på Hernar. Det same var tilfellet med kongsgarden på Herdla. Eigaren EINAR, son til LAKSE-PÅL, hadde også ein bygard i Bergen. Ein dag i 1139, då han sat på gangdagetinget på Hamre i Osterfjorden, kom SIGURD MUNN og MAGNUS BLINDE og herja garden hans og tok langskipet. Nokre år seinare, i slaget i Bergen mellom kongsbørne Sigurd Magnusson og Inge, støtta Einar Lakse-Pål og Aslak Erlendsson kvar sin part i striden.



HERNAR

I ein tekst i den islandske LANDNÁMABOK gjev forfattaren råd om kva kurs ein skal ta når ein skal segla vestover til Grønland:

«Frå Hernar Norge skal ein segle rett vestover mot Hvarf på Grønland, så vil ein segle nordafor Hjaltland (Sbetland) slik at ein akkurat kan skimta det i mykje klårt vær; men sør om Færoyane, så at sjøen er synleg halvvegs opp fjellsida, og på sørsida av Island, så at ein vil sjå fugl og kval.»

Forklaringa syner at skribenten var godt kjend med segleia og at han truleg hadde kjenskap til at Hernar og Hvarf ligg på nokolunde same breiddegrad (61°N).